



Vår dato:

12.09.2022

Vår ref:

2022/11004

Dykkar dato:

Dykkar ref:

b6402e2b-756b-4496-  
9813-6bbb29815aa4

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 339/45 - Gaustad - garasje med loft - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 14.08.22. Saka gjeld oppføring av garasje. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF med status som LNF-spreidd bustad. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål og byggjegrense mot vassdrag.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispenseert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er ikkje opplyst kor nærmeste tiltaket vil vere vassdraget, og om det vil medføre fjerning av kantvegetasjon. På kartet er det avmerka ei sidebekk som går rett igjennom tiltaket. Vi kan ikkje sjå at det er opplyst korleis ein skal handtere dette. Vi minner om at kantvegetasjon ikkje kan fjernast utan løyve frå Statsforvaltaren jf. § 11 i vassressurslova. Vi viser til vår [nettside](#) for meir informasjon om kantvegetasjon.

Tiltaket ligg også i aktsemeldsområde for flaum. Vi viser til pbl. § 28-1 første ledd der det står at grunn berre kan byggast på dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempa som følge av natur- eller miljøforhold. Vi viser også til reglar om tryggleik mot flaum i TEK17 § 7-2. Kommunen må syte for at flaumfaren vert handtert tilstrekkeleg.

Kommunen må vurdere om omsyn bak LNF-formålet og verdiane i og langs vassdraget vert råka. Saka er dårlig opplyst, men i utgangspunktet vurderer vi at tiltaket ligg veldig nært vassdraget, både med tanke på flaumfare og naturverdiane i og langs vassdraget.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Fredrik Arnesen  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*